

---

**Fra:** Bente Kopperdal Hervik  
**Sendt:** 12. februar 2014 12:29  
**Til:** hfk@hfk.no  
**Kopi:** eliwarr@hfk.no  
**Emne:** Søknad om støtte til utarbeiding av kulturminneplan

## Søknad om støtte til kulturminneplan

Radøy kommune søker med dette om kr 100 000 i støtte til utarbeiding av kulturminneplan. Formålet med kulturminneplanen er å auka kunnskapen om kulturminne og kulturmiljø i Radøy kommune, og få eit betre grunnlag for ei heilskapleg kulturminneforvaltning i framtida. Planen skal vera avgrensa til faste, materielle kulturminne.

Me vil starta opp planprosessen i løpet av våren 2014. Dette er politisk forankra i planstrategien som vart vedtatt i kommunestyret 1. november 2012. Me er i gang med å skaffa oss oversikt over registreringar i SEFRAK og andre registreringar av kulturminne i kommunen. I løpet av våren vil me starta opp sjølve planarbeidet, og setja i gang med registreringar av kulturminne. Planen skal vera ferdig i løpet av 2015.

I planprosessen vil me ha eit samarbeid med Austrheim kommune.

Utfyllande dokumentasjon vert ettersendt.

Med venleg helsing  
Bente Kopperdal Hervik  
Kultur- og sørvistorget  
Radøy kommune  
Tlf. 56 34 90 12

